

Personvernerklæring

Voss kommune har som mål at informasjonstryggleik og personvern skal vera ein naturleg del av verksemda vår.

For å kunne utøve myndigheit og tilby deg gode tenester, må vi ofte behandle opplysningar om deg elektronisk eller i et register. I denne erklæringa beskriver vi korleis vi behandlar personopplysningane dine, kva som er formålet, kva rettar du har og anna.

Grunnprinsipp

Vi har fleire grunnleggande prinsipp som gjeld korleis vi skal handtere dine personopplysningar. Det er at vi skal behandle desse

- lovleg, rettferdig, korrekt og med openheit
- konfidensielt, vernet mot utilsikta endring og være tilgjengelege
- være samla inn til bestemte formål og ikkje seinare bli brukt på en måte som er i strid med dette
- berre blir nytta for det konkrete formålet, og ikkje lagra lenger det som er nødvendig eller pålagt
- vere oppdaterte

Det vises elles til [personopplysningsloven](#) og [personvernforordningen](#) artikkel 5.

Formål

Formåla med behandlinga er å tilby deg offentlege tenester eller utføre lovpålagte oppgåver.

Kva som er grunnlaget for at vi kan behandle personopplysningane dine

For at vi skal kunne behandle opplysningar om deg må vi ha et rettsleg grunnlag. Det kan for eksempel være at du har gitt oss samtykke til å handtere personopplysningane eller vi skal oppfylle en avtale med deg. Det kan også være nødvendig for at vi skal oppfylle ei rettsleg forplikting eller utøve offentlig myndigheit.

Dersom behandlinga er basert på samtykke, har du rett til å trekke det tilbake når som helst.

For sistnemnte grunnlag, kan du i visse tilfelle protestere mot behandlinga.

Nokre gonger er det også et lovfesta eller avtalefesta krav om at dine personopplysningar må gis.

Det vises elles til [personopplysningsloven](#) og [personvernforordningen](#) artikkel 6 – 11 og 21.

Innsyn

Som hovudregel har du rett til innsyn i de opplysningane som vi behandlar om deg. Du har også krav på å få informasjon om behandlinga.

For å få innsyn må du kontakte tenesta eller eininga som utfører behandling. Du kan be om få en kopi av opplysningane som er registrert.

Du kan lese meir om dette i [personopplysningsloven](#) og [personvernforordningen](#) artikkel 12 og 15.

Rett til å få korrigert uriktige personopplysningar

Dersom våre opplysningar om deg ikkje er riktige, har du også rett til å få korrigert desse. Det gjeld også dersom vi ikkje har fullstendige opplysningar om deg.

Framgangsmåten er den same som for innsyn.

[Personopplysningsloven](#) og [personvernforordningen](#) artikkel 12 og 16 har nærmere regler for dette.

Rett til avgrensa behandling

I visse tilfelle kan du også krevja at behandlinga av dine personopplysningar blir avgrensa. Dette kan for eksempel skuldast at du meiner at personopplysningane dine ikkje er riktige og det vil ta tid å vurdere dette.

Du kan da kontakte tenesta eller den aktuelle eininga.

Det vises elles til [personopplysningsloven](#) og [personvernforordningen](#) artikkel 12 og 18.

Dataportabilitet

For enkelte behandlingar kan du ha rett til såkalla dataportabilitet. Det vil seie at du kan krevja å få overført personopplysningane frå oss og til nokon andre. Denne retten har likevel fleire unntak. Retten gjelder blant anna ikkje dersom vi behandlar personopplysningane dine for å utføre ei oppgåve i ålmenta si interesse eller vi utøver offentlig myndighet.

Regler om dette finnes i [personopplysningsloven](#) og [personvernforordningen](#) artikkel 12 og 20.

Rett til å få slettet personopplysningar

Du kan ha rett til å få slettet opplysningane om deg sjølv. Denne retten har også unntak. For eksempel gjeld den ikkje for opplysningar som er arkivpliktige eller er nødvendige for å kunne krevje eller forsvare rettskrav.

Det vises elles til [personopplysningsloven](#) og [personvernforordningen](#) artikkel 12 og 17 og arkivregelverket.

Kven deler vi dine personopplysningar med?

Ved enkelte høve blir dine personopplysningar formidla til andre. Det kan være samarbeidsorgan (for eksempel NAV og Husbanken) eller andre som vi har plikt til å gi informasjon til. Det kan eksempelvis

også være driftsleverandører eller andre som må utføre sine oppgaver og har tilgang til dine opplysningar.

Voss kommune vil i slike tilfelle alltid forsikre seg om at utvekslinga er basert på lovleg grunnlag, at teieplikt blir overhalde og at eventuelle nødvendige avtaler blir inngått.

Opplysningane kan i forbindelse med dette også bli overført til land utanfor Europa.

Innebygd personvern og personvern som standardinnstilling

Vi vil sjå til at dine personopplysningar er godt teknisk sikra. Vi vil også ta omsyn til den risikoen som behandlinga kan ha for deg. I tillegg vil vi gjennomføre andre tiltak for å nå de grunnprinsippa vi nemnte innleiingsvis. Dersom noko går galt, vil vi også ha beredskapsplanar for dette.

Nemnte plikter går fram av [personopplysningsloven](#) og [personvernforordningen](#) artikkel 24 og 25.

Informasjonskapslar

Våre nettsider bruker informasjonskapslar for å tilby deg tilpassa nettenester og gi deg ei god brukaroppleving. Ein informasjonskapsel er ei lita tekstfil som blir lagra på maskina di.

Personvernombod

Voss kommune kjøper funksjonen som personvernombod av Bergen kommune, på same måte som fleire andre kommunar i Hordaland. Ombodet skal bidra til at vi følger krava i regelverket og være bindeledd mellom deg og kommunen dersom du behøver hjelp i forhold til dine rettar.

Du kan kontakte personvernombodet på telefon 55 56 96 96 eller e-post personvernombud@bergen.kommune.no.

Klage til Datatilsynet

Du kan klage til Datatilsynet om du ikkje er nøgd med korleis vi behandlar dine personopplysningar eller du meiner behandlinga er i strid med personvernreglene. Informasjon om korleis du går frem finner du på [nettsidene](#) til Datatilsynet.

Kontaktopplysningar

Voss kommune er behandlingsansvarleg og kan kontaktast via

E-post: postmottak@voss.kommune.no

Telefon: 56519400

Postadresse: Postboks 145, 5701 Voss

Se også [her](#) for ytterlegere kontaktdetaljar.

Alle kommunen sine saksdokument er som hovudregel offentlege. Send derfor ikkje e-post til kommunen med informasjon som du ikkje ønsker skal bli allment kjent.

Kommunen er etter [arkivlova](#) forplikta til å føre offentlig journal. I journalen skal all korrespondanse til og frå kommunen føres opp.

Dette er ei kortfatta personvernerklæring med hovudreglar. Dersom det er motstrid mellom den og personvernlovgivinga/anna regelverk, har sistnemnte forrang.